



# DEN NORSKE KIRKE

## Rådgiver gravplassaker

Bjørgvin bispedømmeråd  
Postboks 1960 Nordnes  
5817 BERGEN

Dato: 07.04.2014

Vår ref: 14/218-2 AASK

Deres ref:

### **Hjelmås kyrkjegard. Utviding. Uttale frå gravplassrådgjevaren.**

Eg visar til brev frå Bjørgvin bispedømmeråd dagsett 17.03.2014. Lindås kyrkjelege fellesråd søker om godkjenning av plan for utviding av Hjelmås kyrkjegard. Akasia har vore konsulent for utvidinga.

Kyrkjegarden ligg vest og sør for Hjelmås kapell. Utvidinga er på 1,8da i sør og vil gje plass til 170 kistegraver og ei ny driftsavdeling.

Teikningane og beskrivinga visar ei god planløsning, og eg har berre nokre små kommentarar.

Gravkart. Rekke og kolonne (gravnummer) er bytta om.

Vegetasjon. *Betula pubescens*-bjørk vil gje allergiplager for ein del av dei besøkande og kan med fordel bytast ut med eit anna treslag.

Avfallsbeholdar. Dei som steller gravene treng ein stad å legge frå seg avfall. Behaldar for avfall kan med fordel ligge ved vassposten.

Eg vil med desse merknadene tilrå Bjørgvin bispedømmeråd å godkjenne plan for utviding av Hjelmås kyrkjegard.

Med venleg helsing

Åse Skrøvset  
rådgiver gravplassaker  
tlf 958 78 444  
epost [radgiver.gravplassaker@kirken.no](mailto:radgiver.gravplassaker@kirken.no)

Kopi: Lindås kyrkjelege fellesråd. Akasia ved Stine Fyrde Nilsen.